



Rusmiddelpolitisk handlingsplan
for
Solund kommune
2013 – 2017

Solund - eit godt miljø med plass for alle

Vedteken i kommunestyre sak 037/13 i møte 17.10.2013

Forord:

Etter alkohollova § 1-7d skal alle kommunar utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan.

Nyare forskning har påvist tydeleg samanheng mellom vaksne sin alkoholbruk og bruk av andre avhengigheit skapande stoff blant ungdom og yngre vaksne. Helse- og omsorgsdepartementet meiner at alle rusmiddelpolitiske spørsmål som kommunen stillast ovanfor bør handsamast i ein heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Det er valt å utarbeide ein heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan for Solund kommune. Planen vil ha informasjonsverdi for innbyggjarane og vere ei rettesnor for kommunen sitt arbeid med rus og rusrelaterte problem. Planen skal gjelde for ein periode på 4 år og gjennomgåast og tilpassast i kvar kommunestyre periode.

Innhold

| | | |
|------|--|----|
| 1. | Rusmiddelpolitisk handlingsplan | 4 |
| 1.1. | Innleiing | 4 |
| 1.2. | Lovverk | 4 |
| | Alkohollova | 4 |
| | Sentrale lover og forskrifter | 5 |
| | Sentrale planar og meldingar frå Regjering og Storting | 5 |
| | Sentrale kommuneplanar | 5 |
| 1.3. | Planprosess for rusmiddelpolitisk handlingsplan i Solund | 6 |
| 2. | Skildring av rusmiddelsituasjonen | 7 |
| 2.1. | Stoda i Noreg med omsyn til alkohol og anna rusmiddelbruk | 7 |
| | Ungdom og rusmiddel | 8 |
| | Rus og psykisk helse | 9 |
| 2.2. | Stoda i Solund med omsyn til alkohol og anna rusmiddelbruk | 9 |
| | Ungdom og rusmiddel i Solund | 9 |
| | Rus og psykisk helse i Solund | 10 |
| 3. | Rusmiddel som utfordring i Solund kommune | 10 |
| 3.1 | Vaksne og alkohol | 10 |
| 3.2 | Ungdom og alkohol | 11 |
| 3.3 | Narkotika, vanedannande medisin og dopingpreparat | 11 |
| 4. | Rusmiddelpolitiske mål og satsingsområder | 12 |
| 4.1 | Nasjonale mål og strategiar | 12 |
| 4.2 | Mål for Solund kommune | 12 |
| 4.3 | Folkehelse | 13 |
| 5. | Tiltak | 14 |
| 5.1 | Førebyggjande tiltak | 14 |
| 5.2 | Allmennførebyggjande tiltak | 14 |
| 5.3 | Oppfylgjing og rehabilitering av rusmiddelavhengige | 14 |
| 6. | Regulering av tilgjenge av alkohol i Solund kommune | 15 |
| 6.1. | Retningsliner for salsløyve | 17 |
| 6.2. | Retningsliner for skjenkeløyve | 18 |
| 6.3. | Kontroll og sanksjonsreglement | 21 |

| | |
|---|----|
| 7. Gjennomføring av planen | 23 |
| 7.1 Samhandling | 23 |
| 7.2 Kompetanseheving | 23 |
| 7.3 Økonomi | 23 |
| 7.4 Evaluering og rullering av planen | 23 |
| 8. Mål og tiltak | 24 |
| 9. Nyttige kjelder og hjelpemiddel..... | 29 |

1. Rusmiddelpolitisk handlingsplan

1.1. Innleiing

Ein god ruspolitikk handlar om haldningar, handlingar og om det å bry seg om eit medmenneske. Det handlar om å få til dei gode tenestene der brukaren står i sentrum.

Rusmiddel omfattar alkohol, medikament, narkotika, dopingpreparat og som regel vert også tobakksvarer sett på som eit rusmiddel. Utfordringar knytt til ulike rusmiddel er ofte samansette. Den rusmiddelpolitiske handlingsplanen omhandlar mange sider av rusarbeidet i Solund kommune.

Føremålet med ein eigen plan er at kommunen sitt rusmiddelpolitiske arbeid blir sett inn i ein heilskapleg kontekst. Det er trong for å gå gjennom, systematisere og samordne aktuelle tiltak innan førebygging, behandling, rehabilitering og oppfølging. Dette for å kunne gje eit betre, meir heilskapleg og koordinert tenestetilbod. Mål, strategiar og tiltak på rusmiddelområdet rører ved helsetenesta, skule, NAV, sosiale- og kommunale tenester, politi, kultur- og organisasjonsarbeid, samt kommunen sine løyvemyndigheter.

I tråd med ny folkehelselov skal kommunen gje ekstra merksemd til folkehelsearbeid og førebygging blant born og unge. Det er viktig og naudsynt å sikre at planen blir godt ankra i det daglege arbeidet med rusproblematikk og førebyggjande rusarbeid.

1.2. Lovverk

Alkoholova

Heimelen for at det skal utarbeidast ein alkoholpolitisk handlingsplan ligg i «Lov om omsetning av alkoholholdig drikke av 2.juni 1989 nr. 27» §1-7d seier følgjande:

“Kommunen skal utarbeide en alkoholpolitisk handlingsplan. Departementet kan gi forskrifter om innholdet av kommunal alkoholpolitisk handlingsplan.”

I 1999 presiserte Helse- og omsorgsdepartementet at planen skal ta opp alle dei rusmiddelpolitiske spørsmåla som kommunane står framføre, og at planen skal kallast rusmiddelpolitisk handlingsplan. Ein heilskapleg Rusmiddelpolitisk handlingsplan er ein temaplan jamfør vedlegg til «Kommunal planstrategi Solund kommune 2012-2015». Planen skal vere utforma slik at målsetting og tiltak på sikt kan integrerast i samfunnsdelen til kommuneplanen. Helsedirektoratet har utarbeidd ein nasjonal rettleiar som gjev føringar for planprosessen, mål og innhald; «Rettleiar for Kommunal rusmiddelpolitisk handlingsplan» IS- 1362.

HOVUDPRINSIPP I ALKOHOLLOVA:

Omsetjing av alkoholhaldig drikke krev særskilt løyve. Løyveperioden er avgrensa til fire år med utgang 30.juni året etter neste kommuneval. Løyvet kan òg tildelast for ein avgrensa periode eller til eit bestemt arrangement.

I § 1-7a står det mellom anna:

«Ved vurdering av om bevilling bør gis, kan kommunen blant annet legge vekt på antallet salgs- og skjenkesteder, stedes karakter, beliggenhet, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske hensyn og hensynet til lokalmiljøet for øvrig. Det kan også legges vekt på om bevillingssøker og personer som nevnt i § 1-7b første ledd er egnet til å ha bevilling.»

MÅLSETJINGAR MED ALKOHOLLOVA:

- Avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadane som bruk av alkohol førar med seg.
- Avgrense tilgangen på alkohol på stadar der særleg born og ungdom ferdast.

Sentrale lover og forskrifter

Kommunen sitt ansvar i arbeid med rusmiddel og ruskkader er regulert gjennom ulike lover. Lover og forskrifter finnast på www.lovdata.no. Dei viktigaste er:

«Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.» (Alkohollova)

«Forskrift av 8. juni 2005 nr. 538 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.»

«Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.» (Helse- og omsorgstjenestelova)

«Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern.» (Psykisk helsevernlova)

«Lov om barneverntjenester.» (Barnevernlova)

«Lov om folkehelsearbeid.» (Folkehelselova)

«Lov om pasient- og brukerrettigheter.» (Pasient og brukar-rettighetslova)

«Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen.» (Lov om sosiale tjenester i NAV)

Sentrale planar og meldingar frå Regjering og Storting

Opptrappingsplan for rusfeltet (2007-2012)

Stortingsmelding nr.47 (2008-2009); Samhandlingsreforma

Stortingsmelding nr.30 (2011-2012); «Se meg!»

Stortingsmelding nr.34 (2012-2013); Folkehelsemeldingen

Stortingsmelding nr. 16 (2011-2015); Nasjonal helse- og omsorgsplan

Sentrale kommuneplanar

Plan for folkehelsearbeid i Solund kommune 2013-2017

Psykatriplan for Solund kommune 2013-2020

Overordna plan for Helsestasjons- og Skulehelsetenesta 2012-2020

Kommuneplan for Solund 2008-2020 – Samfunnsdel

1.3. Planprosess for rusmiddelpolitisk handlingsplan i Solund

I 2011 styrka regjeringa arbeid innan rusfeltet med 100 millionar, i samband med dette har Solund kommune fått tildelt midlar frå Fylkesmannen. Midlane vart overført til 2012 og det vart hausten 2012 tilsett ein ruskonsulent i 100 % prosjektstilling som slutta etter tre månader. Frå februar 2013 er det tilsett ny ruskonsulent i 60 % stilling fram til seinhaustes 2013. Ruskonsulenten skal sørge for å utarbeide ein heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan for kommunen. I løpet av prosjektperioden skal kommunen vurdere korleis rustenesta skal vere organisert.

Ruskonsulenten har ilag med NAV leiar sett saman ei arbeidsgruppe som skal gjennomføre arbeidet med planen. Arbeidsgruppa er samansett av Ruskonsulent i NAV, NAV leiar, Psykisk helseteneste, Helsestasjonstenesta, Helse- og omsorgsleiar, leiar for Solund Frivilligsentral samt Folkehelsekoordinator. I tillegg har rektor ved Hardbakke/Solund barne- og ungdomsskule og rådgjevar i kommunen med ansvar for sal- og skjenkeløyver hatt innspel til planen. Planen har i tillegg vore til gjennomsyn hjå Solund Lensmannkontor.

Politisk handsaming av planen blir å gå direkte til vedtak i kommunestyret utan å gjennomføre ei høyringsrunde på førehand.

Arbeidsgruppa kartla stoda og kva utfordringar vi står ovanfor i kommunen ved å sende eit spørreskjema/brev til offentlege tenester/etatar, verksemder, lag og organisasjonar i kommunen. Dei ulike personane/gruppene vart blant anna spurde om korleis dei oppfattar rusmiddelsituasjonen utifrå sin ståstad og kva for utfordringar dei ser at kommunen vil stå ovanfor i framtida. Me valde i kartlegginga å sette fokus på rusproblem knytt til alkohol og narkotika. Spørreskjema vart sendt per e-post til 25 ulike kjelder og 15 svar kom tilbake. Det generelle inntrykket frå tilbakemeldingane er at i Solund er det ikkje noko stort rusproblem. Solund har vore gode på førebyggjande arbeid og det har gjeve resultat med blant anna lite ungdomsproblem. Det er viktig å halde fram med førebyggjande og haldningsskapande arbeid, spesielt med godt foreldresamarbeid og tverrfagleg samarbeid. Eins over er det eit inntrykk at politiet er lite synleg og ikkje nok tilstade. Utfordringar for kommunen vil blant anna vere å få ressursar til å halde oppe ein god fagleg kompetanse og gode førebyggjande tiltak. Elles vil internasjonalisering og kommersialisering også sette sitt preg på Solund som elles i landet med nye typar rusmidlar og lettare tilgjenge.

Det er mottatt lite tilbakemeldingar direkte ifrå ungdom i Solund. Gruppa har fått få svar frå dei ulike lag og organisasjonar som har ungdom som medlemmer.

2. Skildring av rusmiddelsituasjonen

Utgangspunktet for dette avsnittet er ulike rapportar henta frå nettsidene til SIRUS – statens institutt for rusmiddelforskning (www.sirus.no) og Helsedirektoratet sine sider om Psykisk helse og rus (www.helsedirektoratet.no).

2.1. Stoda i Noreg med omsyn til alkohol og anna rusmiddelbruk

Alkohol er det vanlegaste rusmiddelet i Noreg. Dette rusmiddelet har brei kulturell aksept og utgjer ei stor utfordring for mange med mange ulike negative konsekvensar for brukar og krinsen kring brukaren. Utfordringane kan vere fysiske og psykiske helseproblem, ulukker, kriminalitet, arbeidsuførleik, born med dårlegare oppvekstvilkår enn dei kunne fått, med meir. Det er anslått at mellom 50.000-150.000 born i Noreg lid under foreldra sine rusmiddelproblem. Desse borna er særleg risikoutsette for sjølve å utvikle rusmiddelproblem.

Generelt kan ein seie at alkoholforbruket i Noreg er noko stigande. Mykje tyder på at vaksne nordmenn stadig tileignar seg eit meir «kontinentalt» drikkemønster i tillegg til det meir tradisjonelle drikkemønsteret (der det drikkast sjeldan – men i store mengder).

SIRUS har gjennomført undersøkingar om bruk av rusmiddel i Noreg sidan 1968.

| Årstal | Årleg omsetnad av alkohol i Noreg per innbyggjar over 15 år og eldre |
|--------|--|
| 1970 | 4,73 liter rein alkohol |
| 1990 | 4,99 liter rein alkohol |
| 2000 | 5,66 liter rein alkohol |
| 2005 | 6,37 liter rein alkohol |
| 2010 | 6,66 liter rein alkohol |
| 2011 | 6,62 liter rein alkohol |

Sirius.no

Av desse voluma utgjer øl om lag 3 liter rein alkohol, sprit om lag 1 liter og vin om lag 2,7 liter rein alkohol pr. person i 2010. Ein tydeleg tendens er at omsetnaden av vin er markert aukande, medan bruk av øl er konstant og bruk av sprit går ned. I tillegg kjem ikkje-registrert forbruk frå grensehandel, smugling og heimeproduksjon.

Tal på skjenkestader i landet var i 1980 om lag 2500 og i 2010 om lag 7400. I Sogn og Fjordane var talet på skjenkestader om lag 290 i 2010.

Ved mistanke om motorvognkøyring i påverka tilstand vart grensa i 2000 sett ned frå 0,5 promille til 0,2 promille alkohol i blodet. Frå februar 2012 var Noreg fyrste land i verda som sette grenser for køyring under påverknad av andre rusmiddel (legemiddel/narkotika), for 20 ulike medikament.

Noreg ligg på topp, i høve folketalet i Europa, når det gjeld narkotikarelaterte overdosedødsfall. Dødsfall relatert til narkotikabruk har sidan 1996 auka fram til rundt 2000 – talet. Deretter har det vore ei positiv utvikling med nedgang som synast å ha stabilisert seg på

eit lågare nivå. I 2011 var det 262 overdosedødsfall i Noreg, 2 i Sogn og Fjordane, medan i 2007 var det 9 overdosedødsfall i Sogn og Fjordane.

| År | Tal på dødsfall som skuldast alkohol | År | Tal på dødsfall som skuldast narkotika |
|------|--------------------------------------|------|--|
| 1996 | 443 personar | 1996 | 204 personar |
| 2000 | 401 personar | 2000 | 374 personar |
| 2005 | 344 personar | 2005 | 234 personar |
| 2010 | 413 personar | 2010 | 248 personar |
| 2011 | 396 personar | 2011 | 262 personar |

Sirius.no

I fylgje NRK Sogn og Fjordane (18. april 2012) er narkotikarelaterte rusmiljø på bygdene vorte hardare. Samstundes opplyser politiet i Sogn og Fjordane ein markant auke i tal på narkotikabrot i 2011 kontra 2010. Dette er i samsvar med auken av melde narkotikalovbrot i landet. I 1993 var det totalt om lag 12.700 melde lovbro, medan i 2011 om lag 42.000 melde narkotikalovbrot.

I enkelte ungdomsmiljø kan doping vere eit problem, men bruken av dopingpreparat er lite utbreidd i befolkninga.

Bruk av tobakk har endra seg mykje i Noreg dei siste tiåra. Tal frå 2011 syner ein reduksjon i forbruk av sigarettar og rulletobakk, medan bruk av snus er aukande. Totalforbruk av tobakk i 2011 er 70 % av forbruket i 1993. I 2012 røykte 16 % av den vaksne befolkninga dagleg, i tillegg røykte 10 % av og til. I april 2013 vart det gjort omfattande endringar i tobakkskadelova med ein visjon om eit tobakksfritt samfunn. Det er blant anna bestemt innføring av kommunal bevillingsordning for sal tobakk, røykfrie inngangsparti til helseinstitusjonar og offentlege verksemder og tobakksfri skuletid. Helsedirektoratet planlegg hausten 2013 kampanje mot passiv røyking og kampanje retta mot vaksne dagleg røykarar med fokus på *kvifor* slutte å røykje.

Ungdom og rusmiddel

Ungdom sitt forbruk av alkohol viste ei klar auke frå midten av 1990-talet til 2000, trenden har snudd og det har vore ein nedgang i alkoholforbruket til ungdom dei siste åra.

Gjennomsnittleg debutalder for alkohol har vore stabilt rundt 15 – 15,5 år dei siste tiåra. Ein positiv trend dei siste åra har vore at debutalderen er noko stigande. Om lag 80 % av alle 15 – 18 åringar opplyser at dei har brukt alkohol nokon gong (60 % av alle 15/16 åringar).

Gjennomsnittleg alkoholforbruk i aldersgruppa 15 – 20 år auka siste halvdel av 1990-talet, men har stabilisert seg og viser ein tendens til nedgang dei siste åra. Årleg alkoholforbruk for ungdom i åra 2006 – 2008 var i gjennomsnitt 4,5 liter rein alkohol. Dei aller fleste fekk alkohol av vener eller kjente fyrste gongen dei drakk alkohol, medan kvar fjerde fekk andre til å kjøpe for seg. Dei siste åra opplyser 2 av 3 ungdomar frå 15 – 20 år at dei har vore tydleg alkoholorusa i løpet av dei seks siste månadane.

Cannabis (hasj, marihuana og cannibisolje) er det vanlegaste narkotiske stoffet ungdom har oppgjeve å ha brukt. Sameleis som med alkohol var det ei auke i bruk fram mot tusenårsskiftet og i dei seinare åra ein jamn nedgang. 10 % av ungdom på landsbasis oppgjev å ha brukt cannabis nokon gong dei siste åra. I underkant av 6 % av ungdom mellom 15 – 20

år oppgjev å ha brukt cannabis siste seks månadane. Aldersspennet 21 – 30 år har hatt ei markant auke i bruk av cannabis og kokain. Ved sida av cannabis er amfetamin det stoffet flest unge har prøvd brukt nokon gong.

Andelen ungdom som røyker kvar dag er halvert sidan 2000-talet, samtidig har andelen snusbrukarar auka. I aldersgruppa 16 – 24 år var det ein nedgang frå 11 % som røykte dagleg i 2011 til 7 % i 2012. I 2008 brukte omlag 10 % av ungdom/unge vaksne snus dagleg, medan i dag (2012) brukar 25 % av unge vaksne menn (16 – 24 år) snus dagleg og 14 % av unge kvinner.

Rus og psykisk helse

I dei siste 25 åra har det vore ei aukande erkjenning av at rusmiddelbruk og psykiske lidningar ofte opptrer samtidig. Det har vore auka merksemd rundt denne pasientgruppa dei siste åra og personar med rus og psykisk lidning fell ofte utafør behandlingstiltak. Retningsliner for rus- og psykiatripasientar (ROP retningsliner) er utarbeidd av Helsedirektoratet mars 2012. Dette for å sikre at brukargruppa med trong for heilskaplege og samordna tenester vert sikra. Samstundes er ein ny rettleiar «Sammen om mestring» frå Helsedirektoratet om lokalt psykisk helse arbeid og rusarbeid er sendt til høyring 30. august 2013.

2.2. Stoda i Solund med omsyn til alkohol og anna rusmiddelbruk

I Solund kommune bur det 842 personar (SSB 1. januar 2013). Folketalet på Hardbakke aukar, medan det elles i kommunen går ned. Alderssamansetninga er noko ujamn, og størstedelen av befolkninga er over 40 år. SIRUS viser ikkje statistikkar på kommunenivå og ein kan ikkje talfeste auke eller nedgang i bruk av rusmiddel i Solund kommune. Det føreligg ikkje informasjon som tydar på at Solund er ulik resten av landet når det gjeld bruk av alkohol. Truleg har alkoholkonsumet per innbyggjar vore stigande dei siste ti åra blant vaksne, medan ein tendens til nedgang hjå ungdom/unge vaksne.

Spørjeundersøkinga som vart gjort for å kartlegge stoda i Solund viser at når det gjeld bruk av narkotika (illegale rusmiddel) er det ikkje allmenn kjennskap til at dette er eit større problem i kommunen per i dag. Rusa/overstadig rusa personar ved offentlege arrangement er i fylgje kartlegginga truleg eit lite problem, men det er likevel sannsynleg at det er personar i kommunen som har eit alkoholproblem. Gruppa valde i kartlegginga å sette fokus på alkohol og narkotika og ikkje tobakksvarer og dopingpreparat i denne omgang sidan det ikkje blir oppfatta som noko problem i Solund per i dag.

Ungdom og rusmiddel i Solund

Det er registrert gode haldningar til rusbruk i ungdomsmiljø knytt til sport og andre aktivitetar. I Solund har FAU (Foreldrerådets arbeidsutval), Ungdomsrådet, lag, organisasjonar, enkelt personar og institusjonar arbeidd saman om ein del rusførebyggande tiltak (til dømes skiheleg på Voss for ungdomar i ungdomsskulen, positiv russefeiring med russerevy). Dei fleste ungdomane flyttar på hybel etter avslutta 10. klasse for å gå på vidaregåande skule. Korleis rusbruken er blant ungdom (15 – 18 år) som bur på hybel er uavklart. Politiet har ikkje registrert at ungdom frå Solund dukkar opp i statistikkar for narkotikarelatert brotsverk i andre kommunar.

Det er gjort ei ungdomsundersøking i 2006 som seier noko om stoda i kommunen. Undersøkinga er eit samarbeid mellom Gulen, Masfjorden og Solund lensmannkontor og kommunane Gulen, Masfjorden og Solund. Undersøkinga omfattar klassetrinna 8 – 9 – 10 og vidaregåande elevar frå Solund på Austrheim vidaregåande skule som bur heime. Rapporten viser at elevane i ungdomskulen ikkje røykjer, medan 2 av 3 av gutane røykjer på vidaregåande skule. Det er ikkje tatt med bruken av snus som har vore aukane på landsbasis dei siste åra. Ved utgangen av 10 klasse har 43 % debutert med alkohol. På vidaregåande er debutprosenten oppe i 92 %. Undersøkinga viser at dei fleste får tak i alkohol ved å få nokon til å kjøpe for seg. Det ser ikkje ut til at narkotika er særleg utbreidd og dei aller fleste seier nei til å bruke narkotika. Det ser ut til at organisert aktivitet har ein positiv verknad på ungdomsmiljøet i Solund og slik aktivitet har ei høg deltaking. Det er mykje positivt ved å bu i Solund sett med ungdomen sine auge.

Det er mottatt få direkte tilbakemeldingar frå ungdom i høvet spørjeundersøkinga som vart gjort for å kartlegge stoda i Solund i mai/juni 2013.

Rus og psykisk helse i Solund

Helsestasjon for ungdom (HFU) er eit lågterskeltilbod til ungdom 13 – 20 år og er i tillegg til skulehelsetenesta. Helsesystemet er tilgjengeleg og gjev blant anna råd og rettleiing om psykisk helse, rus og rusmidlar.

Rus og psykisk helse må sjåast i samanheng. Tiltak og målsetningar i rusmiddelpolitisk handlingsplan er sett i høve til målsetningane i psykiatriplanen for Solund kommune, dette gjeld spesielt innan førebyggjande arbeid.

Sjå «Overordnaplan for Psykisk helseteneste i Solund 2013 – 2020».

Ein ny rettleiar «Sammen om mestring» frå Helsedirektoratet om lokalt psykisk helse arbeid og rusarbeid er sendt til høyring 30. august 2013. Denne rettleiaren må det takast omsyn til ved rullering og evaluering av rusmiddelpolitisk handlingsplan for Solund kommune.

3. Rusmiddel som utfordring i Solund kommune

3.1 Vaksne og alkohol

Utifrå kartlegginga og eit folkehelseperspektiv er det ynskjeleg med fokus på verktøy som kan nyttast til førebygging og informasjon om rusmiddel og rusbruk. I tillegg til gode opplysningar om kva tilbod som finnast i kommunen for alkoholavhengige og deira pårørande, det er viktig med lågterskel tilbod. Kartlegginga og observasjonar frå ulike tenesteiningar gjev ei oppfatning om at det truleg er personar som nyttar større mengder alkohol enn det som er tilrådd. Utfordringa ligg i å få desse til å erkjenne at dei har eit problem eller greie å ta tak i det før det vert eit avhengigheitsproblem. Det er viktig å kome tidleg i kontakt med risikoutsette enkeltindivid og familiar for å kunne førebyggje

problemutvikling på eit tidleg tidspunkt. For å få til ein tidleg intervensjon må ein opprette samhandling og samarbeid på tvers av tenester og instansar.

Politiet syner at Sogn og Fjordane ligg høgt oppe på statestikken over køyring av motorkøyretøy i rusa tilstand. Politiet i Solund har ikkje registrert nokre tilfelle dei siste 5 åra, medan kartlegginga kan gje eit inntrykk av at dette kan vere eit problem i kommunen. Det er ei utfordring at politiet er lite synleg og lite tilstade, samt at det er lang avstand til fastlandet og resten av lensmanddistriktet.

3.2 Ungdom og alkohol

Ei ny ungdomsundersøking vil vere ynskjeleg å gjennomføre før rullering og evaluering av den rusmiddelpolitiske handlingsplanen, dette for å få eit oppdatert bilete av dagens russytuasjon hjå ungdomen i Solund. Det vil då vere viktig å inkludere ungdom som bur på hybel, og som kjem heim i helgene.

Kartlegginga viser at tidlegare førebyggjande arbeid over tid har gjeve gode og tydelege resultat. Inntrykket er at alkoholbruken blant ungdom er minkande og debutalderen stigande, den same trenden som elles i landet. Utfordringa er å halde oppe gode tiltak og haldningar, og vidareføre førebyggjande arbeid og informasjon. Jamfør Helsedirektoratet (undersøking 2006 – 2010) viser det seg at grensesetting hjå foreldre gjev resultat, å inkludere foreldre/føresette i førebyggjande arbeid er difor viktig. Det er også nyttig å gjennomføre rusførebyggjande program i ungdomskulen.

3.3 Narkotika, vanedannande medisin og dopingpreparat

Kartlegginga viser at bruk av narkotiske (illegale) rusmiddel ikkje er noko allment og synleg problem per i dag, men ein bør ikkje vere blind for at det her finnast mørketal. Dette gjeld både «lettare» narkotiske stoff som cannabis og «tyngre» stoff som kokain og heroin.

Bruk av vanedannande medisin verkar stabilt og handterbart. Legar har gode rutinar for å fange opp overforbruk og er restriktive med å føreskrive denne typen medikament.

Det er eit aktivt idrettsmiljø i Solund med mykje lagidrett. Det er lite truleg og ikkje allment kjent at det er eit miljø for bruk av dopingpreparat i kommunen. Utfordringa for Solund må vere å halde fram med å utføre godt førebyggjande arbeid slik at det ikkje vil vekse fram miljø for narkotika- og dopingmisbruk. Kartlegginga syner at det er ei generell uro for at slike miljø vil kunne verte eit problem.

4. Rusmiddelpolitiske mål og satsingsområder

4.1 Nasjonale mål og strategiar

Utviklinga har gått i retning av at rusmiddelproblem i aukande grad blir sett på som eit medisinsk problem. Å sjå rusavhengighet og psykisk helse i samanheng og sette fokus på auka tverrfagleg samarbeid har vore eit av måla i Samhandlingsreforma (Meld.St. 47 2008-2009).

I «Se meg!» (Meld.St. 30 2011-2012) legg regjeringa fram den fyrste stortingsmeldinga om ein heilskapleg rusmiddelpolitikk. Regjeringa vil legge særleg vekt på 5 områder: Førebygging og tidleg innsats, samhandling – tenester som jobbar saman, auka kompetanse og betre kvalitet, hjelp til tungt avhengige – redusere overdosedødsfall og innsats for pårørande og mot passiv drikking.

Førebygging og behandling av rusmiddelproblem har vore eit politisk prioritert satsingsområde i mange år. Den siste handlingsplanen «Opptappingsplan for rusfeltet 2007-2012» har som overordna mål å redusere dei negative konsekvensane som rusmiddelbruk har for enkeltpersonar og for samfunnet. Planen har fem hovudmål:

- Mål 1: Tydeleg folkehelseperspektiv
- Mål 2: Betre kvalitet og auka kompetanse
- Mål 3: Meir tilgjengelege tenester og auka sosial inkludering
- Mål 4: Forpliktande samhandling
- Mål 5: Auka brukarmedverknad og betre ivaretaking av born og pårørande

For å lukkast med å redusere rusproblem i samfunnet må fleire sektorar bidra. I Nasjonal helse- og omsorgsplan (Meld.St. 16 2011 – 2015) vert det understreka at personar med psykiske lidingar og/eller rusmiddelavhengigheit skal få eit heilskapleg og kunnskapsbasert tenestetilbod.

«Generasjon 2000»; eit av regjeringa sine mål er at barn og unge fødd etter år 2000 ikkje skal begynne å røykje eller snuse.

4.2 Mål for Solund kommune

«Helse og omsorgstilbodet i Solund er godt, samanlikna med andre kommunar i fylket» jamfør punkt 3.11 Helse og omsorg i Kommuneplan for Solund - Samfunnsdelen 2008-2012, godkjent i kommunestyret 20.04.2010 (k.sak 004/10)

Mål for planperioden:

- Rusmisbrukarar blir fylgd opp og gitt eit fagleg godt behandlingstilbod.
- Det blir arbeidd med å fremje innbyggjarane si totale helse og førebyggje sjukdom, skade og lyte.

«Oppvekstvilkåra for barn og unge vert opplevt som gode. Barn og unge opplever Solund som ein attraktiv stad å bu» jamfør punkt 3.9 Ung i Solund i Samfunnsdelen av kommuneplanen.

Mål for planperioden:

- Tilbodet om ungdomstransport vert oppretthalde.
- Kriminalførebyggande arbeid vert gjennomført etter SLT-metoden i samarbeid med lokalt lensmannskontor.
- Ein tek born og unge sine behov og ynskje på alvor ved å inkludere dei.

Ei overordna målsetjing for Solund kommune sitt rusarbeid må vere å styrkje det førebyggande arbeidet innan rus og folkehelse. Arbeide for å få eit narkotikafritt lokalsamfunn og alkoholfrie soner der born og unge ferdast.

Delmål:

- Betre samhandling og fremje tverrfagleg samarbeid internt i kommunen og mellom nabokommunane, samt auke kompetansen på rusfagleg arbeid i kommunen
- Avdekke rusmisbruk på eit tidleg stadium og gje den rusmiddelavhengige og pårørande eit heilskapleg tilbod.
- Førebyggande arbeid med fokus på born og ungdom. Ha eit særleg fokus på vaksenroller og trekke dei aktivt med i det førebyggande arbeidet.
- Ha ei ansvarleg sals- og skjenkepolitikk og etablere rusfrie soner.
- Vidareutvikle og halde ved like gode etablerte tiltak.

4.3 Folkehelse

Folkehelseperspektivet må synleggjerast i alle avgjerdsprosessar i kommunen; «Helse i alt». Solund kommune har i 2012 tilsett Folkehelsekoordinator og Solund formannskap oppretta eit folkehelseråd 6. juni 2013. Kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på dette. Tiltak kan vere knytt til oppvekst- og levekårstilhøve, skadar og ulukker, bruk av tobakk og alkohol og bruk av rusmiddel (jamfør Lov om folkehelse § 7).

Det er eit nasjonalt mål for «Opptrappingsplan for rusfeltet 2007 – 2012» om eit tydeleg folkehelseperspektiv, dette vil gjelde for måla i rusmiddelpolitisk handlingsplan for Solund kommune.

Sjå «Folkehelseplan for Solund 2013 – 2017».

5. Tiltak

Noreg har ein restriktiv narkotikapolitikk med strenge strafferammer for brot på narkotikalovgjevningen. Samstundes har Noreg etablert eit vidt spekter av tiltak for å redusere skader som har samband med misbruk av narkotika. Dette gjeld til dømes utdeling av reine sprøyter, lågterskel helsetilbod og sprøyterom (prøveordning).

Jo seinare unge begynner med alkohol og jo mindre dei drikk, desto større vil førebyggingsgevinstantane vere. Å heve debutalderen vil vere eit sentralt mål for rusførebyggjande arbeid.

5.1 Førebyggjande tiltak

Førebygging må rette seg mot fleire ulike arenaer blant anna barnehage, skule, foreldre, arbeidsliv (AKAN - Arbeidslivets kompetansesenter for rus- og avhengigheits-problematikk) og ulike organisasjonar. Rusmiddelproblem kan oppstå, utvikle seg og gjere seg gjeldande i ulike fasar i livet.

Haldningsskapande arbeid blant born og unge har mindre/liten effekt om ikkje foreldre/føresette er aktive og deltakande også, og er gode rollemodellar. Det er viktig å ha fokus på foreldrerolla i det førebyggjande arbeidet.

Helsestasjon og skulehelsetenesta har ei lovpålagd teneste og har eit ansvar for å drive førebyggjande og helsefremjande arbeid for born og unge (0 – 20 år). Skulehelsetenesta har eit godt utgangspunkt for å arbeide målretta i høve til rusførebygging både individuelt og på gruppenivå.

Barnevernstiltak i høve rusmiddelproblematikk er retta inn mot born av rusmiddelbrukarar, og der born og unge sjølv misbrukar rusmiddel. Barnevernet skal intervensere så tidleg som mogeleg.

5.2 Allmennførebyggjande tiltak

Skape eit godt og trygt lokalsamfunn. Gode oppvekstvilkår krev innsats frå dei ulike etatane (kommunen, frivillige organisasjonar, politi, foreldre). Fleire ulike rusfrie arenaer/arrangement slik at folket i kommunen møtast ikkje berre når det er servering av alkohol.

Kommunen har også fokus på rusførebygging og folkehelse gjennom plan for Psykisk helseteneste og Folkehelseplanen.

5.3 Oppfølging og rehabilitering av rusmiddelavhengige

Hovudansvaret for oppfølging og koordinering ligg per i dag hjå NAV Solund. Behandling og rehabilitering av den rusmiddelavhengige ligg hjå den kommunale helse og omsorgstenesta, som blant anna tilviser til spesialtisthelsetenesta. Utfordringa til rusbrukarar er å hindre tilbakefall. Bustad, arbeid og fritid vil vere sentrale omsyn i ein rehabiliteringsprosess.

Alle som treng langvarig og samordna tenester har rett til å få individuell plan dersom dei ynskjer det. Føremålet er å gje brukarane ein trygg og føreseieleg kvardag. Individuell plan er eit viktig hjelpemiddel for å sikre brukarmedverknad.

Kvalifiseringsprogrammet i NAV gjeld for personar med vesentleg nedsett arbeids- og inntektsevne og med avgrensa ytingar til livsopphald.

Rusettervernet i Sogn og Fjordane er ein aktiv frivillig organisasjon basert på sjølvhjelp for menneske med rusproblematikk, og for pårørande til rusavhengige. NAV Solund, lensmannskontoret og legekantoret deler ut informasjon frå etterverngruppa.

6. Regulering av tilgjenge av alkohol i Solund kommune

Den kommunale alkoholpolitikken vert forvalta innan dei rammer som er gjevne i Lov av 2. juni 1989 nr. 27: «Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk med vidare» (Alkohollova) og Forskrifter til lova. Retningsliner for Solund kommune sin løyvepolitikk (sal- og skjenkeløyver) er ein del av den rusmiddelpolitiske handlingsplanen. Delegasjonsreglementet ligg til grunn for ansvarsdeling mellom kommunestyret og administrasjonssjefen.

Solund kommune har hatt eit stabilt salsløyve dei siste åra, med stabil omsetnad. Det er i kommunen per i dag 4 salsløyver. Skjenkeløyva har gått noko ned dei siste åra med no 5 løyver. Ambulerande løyver har vore mellom 12-15 stk. i året, med stort sett faste årlege festivalar og arrangement. Solund kommune har 2 ambulerande skjenkeløyve for perioden 2012-2016. Kontroll av sal- og skjenkestader vert utført av Securitas 3 gonger per år.

Kommunen sin kontroll og løyvepolitikk er avgjerande for å minke totalforbruket og redusere skadane av alkohol. Det bør ikkje tildelast løyve, fast eller ambulerande, til skular, barnehagar, idrettsanlegg eller andre lokale i tida born og unge utgjer ei viktig brukargruppe ved arrangementet. Solund Servicekontor gjev ut søknadsskjema for ambulerande- og einskildløyve, og skjemaet finnast også som fil ved kommunen sine nettsider.

Det er viktig at kommunen ser forvaltning av alkohollova i samanheng med resten av det rusførebyggjande arbeidet. I regjeringa sin «Opptappingsplan for rusfeltet 2006 – 2012» vert kommunane oppmoda om å styrkje kvaliteten på kontroll med sals- og skjenkeløyver.

Definisjonar og forklaring

- Alkoholfri drikk: inneheld under 0,7 volumprosent alkohol
- Alkoholsvak drikk: inneheld mellom 0,7 – 2,5 volumprosent alkohol
- Alkoholhaldig drikk gruppe 1: inneheld over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol
- Alkoholhaldig drikk gruppe 2: inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol
- Alkoholhaldig drikk gruppe 3: inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol (brennevin)

- Alminneleg skjenkeløyve: Gjev løyve til å skjenke til alle gjestar som oppfyller lovas krav til aldersgrense med meir.
- Einskildløyve: Gjeld løyve for eit bestemt høve for skjenking til ein ubestemt krets personar, knytt til ei bestemt hending til dømes eit ope arrangement.
- Ambulerande skjenkeløyve: Ambulerande skjenkeløyve er ikkje knytt til ein bestemt person eller skjenkestad. Gjev løyve til å skjenke alkohol ved eit enkelt høve ved lukka lag. Med lukka lag meiner ein arrangement i regi av organisasjonar, verksemdar og liknande der ein har oversyn over kven som kjem til å delta.
- Med sal forståast overdraging av alkoholhaldig drikk til forbrukar mot vederlag for drikking utanfor sals-staden.
- Med skjenking forståast sal for drikking på staden.

Jamfør Alkohollova.

Hovudprinsipp for tildeling av sals- og skjenkeløyve

- Skjenkeløyve skal tildelast i følgje Alkohollova § 1-7a.
- Brot på sals- og skjenkeløyva skal forfylgjast straks dei vert avdekka.
- Politi eller andre instansar som oppdagar brot på alkohollova skal melde frå om dette til kommunen.
- Restriktiv haldning til sal og skjenking på stadar der born og unge ferdast.

Løyveperioden er sett til 4 år og denne perioden fylgjer kommunestyre perioden. Tildelt løyve gjeld fram til 30.06 året etter at nytt kommunestyre trer i kraft. Ved fornying av løyve skal det takast omsyn til korleis løyvehavaren har praktisert løyvet i førre periode.

Alkohollova har klare retningslinjer for kven som kan selja alkohol og kva som kan seljast, til kvar tider ein kan selja og sakshandsaming ved søknadar om sals- eller skjenkeløyver.

Alle bevillingar skal utøvast i samhøve med alkohollova sine reglar, sal og skjenking av alkoholhaldig drikk kan berre skje på grunnlag av bevilling etter denne lov. Alle § tilvisingane i retningslinene i kapittel 6.1, 6.2 og 6.3 under er knytt til Alkohollova viss ikkje anne er nemnt.

6.1. Retningslinjer for salsløyve

| | |
|------------|--|
| Salsløyve | <p>VILKÅR: Løyve til sal av øl og rusbrus opp til 4,7 volumprosent alkohol (gruppe 1) er avgrensa til daglegvarebutikkar. Det skal vere ein ansvarleg styrar og ein vara, begge må vere fylt 20 år og begge skal ha greidd kunnskapsprøva etter alkohollova. Det kan gjerast unntak jamfør § 1-7c i når det verkar urimeleg med omsyn til sals-staden sin storleik. Løyveperioden er sett til 4 år og fylgjer kommunestyre perioden. Det er ikkje sett tal for faste salsløyve i kommunen.</p> <p>HANDSAMING: Krav til vandel jamfør § 1-7b. Fråsegn frå politi og helse- og sosialtenesta vert henta inn, i tillegg kan kommunen innhente fråsegn frå skatte- og avgiftsmynde. Løyve gjevast etter skjønn jamfør § 1-7a. Gebyr i samsvar med § 6.2. i «Forskrift av 8. juni 2005 nr. 583 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v».</p> |
| Salstider | <p>Salstida for øl og rusbrus opp til 4,7 volumprosent alkohol følgjer i hovudsak opningstida til daglegvareforretningane. Løyvegjevar kan avgrense salstida til kortare enn alkohollova sine ytre tider om ein finn dette naudsynt som eit alkoholpolitisk verkemiddel. Salstida er uansett avgrensa av Alkohollova sine ytre tider jamfør § 3-7: kl. 0900 – 2000 på kvardagar kl. 0900 – 1800 på dagar før søndagar og helgedagar (unntatt dagen før Kristi Himmelfartdag).</p> |
| Avgrensing | <p>Det er ikkje lov å selje alkoholhaldig drikk som på søndagar og helgedagar, 1. og 17.mai og på valdagar.</p> |
| Kontroll | <p>Kommunen har ansvar for kontroll med utøvinga av kommunal bevilling av sal av alkoholhaldige drikker jamfør § 1-9.</p> |

6.2. Retningslinjer for skjenkeløyve

| | |
|---|---|
| <p>Alminneleg løyve for skjenking for øl, vin (opp til 22 volumprosent) og brennevin.</p> | <p>VILKÅR: Gjevast til serveringsverksemdar der kommunen meiner at staden sin karakter tilseier at alkoholservering kan forsvarast, jamfør Alkohollova § 1-7a. Gjeld overnattingsstader; definert som hotell, motell, pensjonat og båt. Verksemda må ha godkjent serveringsløyve. Ved tildeling av løyve må ein definere kva for gruppe alkoholhalding drikk løyvet gjeld. Gjeld for definert og godkjent areal. Løyvet gjeld utandørs serveringsareal, dersom arealet er klart avgrensa og ligg naturleg knytt til skjenkearealet innandørs. Det skal vere ein ansvarleg skjenkestyrar og ein vara, begge må vere fylt 20 år og begge skal ha greidd kunnskapsprøva etter alkohollova. Det kan gjerast unntak jamfør § 1-7c i når det verkar urimeleg med omsyn til skjenkestaden sin storleik. Skjenketider skal fylgje «normaltider» for skjenking. Løyveperioden er sett til 4 år og fylgjer kommunestyre perioden. Det er ikkje sett tak på faste skjenkeløyve i kommunen. Utøving av løyvet skal til ei kvar tid vere i tråd med fråsegn i lov, forskrift og løyvevedtaket, jamfør § 4-7. HANDSAMING: Krav til vandel jamfør § 1-7b. Fråsegn frå politi og helse- og sosialtenesta vert henta inn, i tillegg kan kommunen innhente fråsegn frå skatte- og avgiftsmynde. Løyve gjevast etter skjønn jamfør § 1-7a. Gebyr i samsvar med § 6.2. i «Forskrift av 8. juni 2005 nr. 583 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v».</p> |
| <p>Einskildløyve av øl og vin (opp til 22 volumprosent) og eventuelt brennevin</p> | <p>VILKÅR: Kommunen kan gje løyve for eit bestemt høve for skjenking til ein ubestemt krets personar. Det vil vere eit alminneleg løyve og må vere knytt til ei bestemt hending. Gjevast til lag, organisasjonar, institusjonar og enkeltpersonar. - Offentlege forsamlingslokale, grendehus og liknande. - Uteservering i samband med spesielle arrangement. Skjenkestaden skal vere klart avgrensa. Skjenketider skal i samband med einskildhøve etter alkohollova fylgje «normaltid» for skjenking, men kan verte innskrenka av omsyn til dømes målgruppe, lokalitetar, trafikkomsyn eller andre faktorar. Det er ikkje krav om stått kunnskapsprøve etter alkohollova, men skjenkestyrar må vere fylt 20 år. Det er ikkje krav om at fråsegn frå politi og sosialtenesta vert innhenta.</p> |

| | |
|--|--|
| | <p>Løyvet kan ikkje gjevast til stader unnatekne skjenking i lov, forskrifter eller kommunale retningslinjer. Det er krav om tilfredstillande vakthald. HANDSAMING: Løyvet er eit alminnelig løyve. Løyve gjevast etter skjønns jamfør § 1-7a. Søknadsfrist: tre (3) veker før arrangementet. Det skal nyttast standard søknadsskjema. Gebyr i samsvar med «Forskrift av 8. juni 2005 nr. 583 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v» kap. 6.2. I samband med idrettsarrangement eller arrangement der born og unge er ei målgruppe vert det ikkje gjeve skjenkeløyve.</p> |
| <p>Ambulerande løyve som kan nyttast i einskildhøve.</p> | <p>VILKÅR: Løyve vert gjeve til servering av øl, vin og brennevin ved lukka lag og er ikkje knytt til ein bestemt person eller skjenkestad, jamfør § 4-5. Gjevast til dømes: bryllaup, jubileum og liknande arrangement. Skjenkestaden skal vere klart avgrensa. Skjenketider skal i samband med einskildhøve etter alkohollova fylgje «normaltid» for skjenking, men kan verte innskrenka av omsyn til dømes målgruppe, lokalitetar, trafikkomsyn eller andre faktorar. Det er ikkje krav om stått kunnskapsprøve etter alkohollova, men skjenkestyrar må vere fylt 20 år. Det er ikkje krav om at fråsegn frå politi og sosialtenesta vert innhenta. Løyvet kan ikkje gjevast til stader unnatekne skjenking i lov, forskrifter eller kommunale retningslinjer. Løyveperioden for ambulerande løyve er sett til 4 år og fylgjer kommunestyre perioden. Solund kommune har eit ambulerande løyve. HANDSAMING: Søknad om bruk av løyve må gje opplysningar om: dato, klokkeslett, type arrangement, stad, kva gruppe alkoholhaldig drikk som skal serverast, kven som er skjenkestyrar. Løyve gjevast etter skjønns jamfør § 1-7a. Søknadsfrist: tre (3) veker før arrangementet. Det skal nyttast standard søknadsskjema. Gebyr i samsvar med «Forskrift av 8. juni 2005 nr. 583 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v» kap. 6.2. I samband med idrettsarrangement eller arrangement der born og unge er ei målgruppe vert det ikkje gjeve skjenkeløyve.</p> |

| | |
|--|--|
| Alkoholserving utan løyve | Privatpersonar som leiger/ låner eit lokale kan servere alkohol utan løyve ved særskilt høve og i lukka lag, jamfør § 8-9. Eit slikt fritak gjeld ikkje organisasjonar som leiger/låner eit lokale. |
| Ingen løyve | Stadar/arrangement som er spesielt retta mot ungdom under 18 år, eller der born og unge er ei målgruppe. <ul style="list-style-type: none"> - Idrettsarrangement og liknande. - Kioskar og bensinstasjonar. |
| Skjenketider («normaltider») | Konsum av skjenka alkoholhaldig drikk må opphøyra seinast 30 minutt etter skjenketidas slutt jamfør § 4-4. <ul style="list-style-type: none"> - Øl og vin (opp til volumprosent 22): kl. 08.00 – 02.00 (søndag kl.13.00 – 01.00) utandørs: som over - Brennevin (volumprosent over 22): kl. 13.00 – 24.00 (mandag – søndag) utandørs: som over |
| Aldersgrense for sal og skjenking av alkohol | Aldersgrensene for sal og skjenking av alkohol er definert i § 2-3 i «Forskrift av 8. juni 2005 nr. 583 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v». Aldersgrensa for å selje eller servere alkoholsvak drikke og alkohol i gruppe 1 og gruppe 2 er 18 år. For å selje eller skjenke alkohol i gruppe 3 er aldersgrensa 20 år. Unntaket her er dersom servitøren har kokk- eller servitørfagbrev, eller ved sal av alkoholholdig drikke når ein over 18 år har dagleg tilsyn med salet. |
| Gebyr | Dei årlege gebyra som vert kravd inn, skal nyttast til kommunen si utøving av kontroll med sals- og skjenkestadene. |
| Kontroll av skjenkeløyve | Kommunen har ansvar for kontroll med utøvinga av kommunal bevilling av sal av alkoholhaldige drikker jamfør § 1-9. |

6.3.Kontroll og sanksjonsreglement

| | |
|--|---|
| Kontroll | <p>Kommunen har med heimel i § 1-9 ansvar for kontroll med utøving av kommunalt gjeve sals- og skjenkeløyver. Kontroll av sals- og skjenkestader skal gjennomførast av leigde kontrollørar eller kommunale kontrollørar om det vert valt.</p> <p>Kontrollen skal særleg omfatte sals- og skjenketider, aldersgrenser og at det ikkje vert skjenkt til openbert rusa personar. Politiet har høve til å stenge ein sal- eller skjenkestad jamfør § 1-8a.</p> |
| Kommunale retningslinjer for inndraging av sals- og skjenkeløyve | <p>Kommunen vil ha rett til inndraging av løyve ved brot på Alkohollova og eller kommunale retningslinjer, jamfør § 1-8.</p> <p><u>Kommunale retningslinjer gjeld for:</u></p> <p>Gruppe A:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Sal / skjenking av mindreårige 2. Sal / skjenking til tydeleg rusa personar <p>Gruppe B:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Sal / skjenking utover sals-/skjenketid 2. Ikkje levert omsetjingstal i rett tid 3. Ikkje betalt løyvegebyr i rett til. |
| Sanksjonsreglement | <p>Følgjande prosedyre og tiltak skal setjast i verk overfor sals- og skjenkestader som ikkje driv i samsvar med alkohollovgevinga, andre relevante lover og kommunale retningslinjer for alkoholomsetnaden:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Dersom alkoholkontrollørane etter alkoholkontroll meiner å påvise brot på alkohollova/ kommunale retningslinjer ved sals- eller skjenkestad, skal kontrollørane skrive ein utfyllande og detaljert rapport til kommunen. 2. Administrasjonen sender gjenpart av rapporten til den aktuelle sals- eller skjenkestaden og ber om merknader og/ eller kallar inn til samtale for å klargjere dei faktiske tilhøva. I slike samtalar skal sals- eller skjenkestaden gjere greie for korleis dei vil syte for at eventuelle brot på alkohollovgevinga/ kommunale retningslinjer ikkje skal skje i framtida. 3. Dersom det er påvist klare lov- og eller regelbrot, skal administrasjonen ved første gongs tilfelle sende skriftleg åtvaring til den aktuelle verksemda og orientere kommunestyret. 4. Dersom det er påvist klare lov- og eller regelbrot trass tidlegare åtvaring skal det fremjast sak om inndraging av sals- eller skjenkeløyvet for kommunestyret, eller det utvalet kommunestyret har delegert denne mynda til. |

| | |
|----------------|---|
| | <p>Gruppe A: Ved brot nr. 2 vert løyvet inndrege for 3 veker. Ved brot nr. 3 vert løyvet inndrege for resten av løyveperioden.</p> <p>Gruppe B: Ved brot nr. 2 vert løyvet inndrege for 2 veker. Ved brot nr. 3 vert løyvet inndrege for resten av løyveperioden.</p> <p>5. Dersom lov- eller regelbrotet etter administrasjonen si vurdering er av sær alvorleg karakter, skal det fremjast sak til kommunestyret om inndraging av sals- eller skjenkeløyvet med verknad utan opphald.</p> |
| Sakshandsaming | Delegasjonsreglementet ligg til grunn for ansvarsdeling mellom kommunestyret og administrasjonssjefen. |

7. Gjennomføring av planen

7.1 Samhandling

Det er viktig å vurdere korleis rustenesta i Solund best mogeleg skal organiserast. Dette gjeld framtidig plassering og funksjon for å betre tilgang for effektiv rådgjeving, hjelp og behandling for rusmisbrukarane og pårørande.

Dei ulike tenestene sit med ulik kunnskap kring rus og utvikling av problemåtferd knytt til deira brukargruppe. Det ligg ei utfordring i å synleggjere og nyttiggjere ulik ståstad og kunnskap slik at det kjem brukaren best mogeleg til nytte. Brukaren og pårørande skal få den same heilskapelege oppfylging uavhengig av kven ein har kontakt med i hjelpeapparatet.

7.2 Kompetanseheving

Arbeid på rusmiddelfeltet er omfattande og samansett. Dei ulike einingane som i dag arbeider med rusmiddelmisbrukarar treng/ynskjer meir kunnskap om rusfeltet. Samstundes er det viktig og nyttig å dele den kunnskapen som finnast; ved internundervisning, informasjon frå samarbeidspartar og delta på regionale rusforum. Bruke ekstern fagkompetanse som Helse Førde, Tronvik og Kompetansesenter for rus – Stiftelsen Bergensklinikkene, og få dette til med minst mogleg kostnad. Ved høgskulen i Sogndal finnast det vidareutdanning både innan rus og psykisk helse.

7.3 Økonomi

Det er lagt opp til at tiltaka i planen skal kunne gjennomførast innan ordinær drift i Solund kommune, men det trengs tilførte ressursar for ein ruskonsulent/funksjon i ei deltidstilling. Det er ikkje utarbeidd i planen økonomiske og administrative konsekvensar for tilrådte tiltak.

Det finnast ulike tilskotsordningar som kommunen kan søkje på hjå Fylkesmannen og Helsedirektoratet. Det kan også søkast støtte til vidareutdanning og kurs.

7.4 Evaluering og rullering av planen

Administrasjonssjef har eit overordna koordinerings- og oppfylgingsansvar for Rusmiddelpolitisk handlingsplan. Planen skal vere forankra i det daglege arbeidet og alle som er ansvarleg for gjennomføring av tiltak skal også evaluere desse. I tillegg skal tiltaka evaluerast årleg av ei referansegruppe oppnemnt av administrasjonsleiinga slik at planen kan justerast om tiltak fell vekk eller det er behov for nye. Planen gjeld for ein periode på 4 år, og skal reviderast ein gong i kvar kommunestyreperiode.

Ein ny rettleiar «Sammen for mestring» frå Helsedirektoratet om lokalt psykisk helse arbeid og rusarbeid er sendt til høyring 30. august 2013. Denne rettleiaren må det takast omsyn til ved gjennomgang og rullering av Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Solund kommune.

8. Mål og tiltak

Ansvar for dei ulike tiltaka er delt mellom fleire instansar og ulike nivå. Det overordna ansvaret for oppfylging av planen er lagt til administrasjonssjef i Solund kommune.

* Per 1.1. 2014 er det ikkje eigen Ruskonsulent i Solund kommune.

Mål: Betre samhandling og fremje tverrfagleg samarbeid internt i kommunen og mellom nabokommunane, samt auke kompetansen på rusfagleg arbeid i kommunen.

| Nr | Tiltak | Føremål | Ansvarleg | Merknad |
|-----|--|---|--|---|
| 8.1 | Vurder korleis rustenesta i Solund kommune best mogeleg skal organiserast. <ul style="list-style-type: none"> Framtidig plassering og funksjon av denne tenesta. Betre tilgangen for effektiv rådgjeving, hjelp og behandling. | Få eit aktivt arbeid vidare med Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Solund kommune. | Administrasjonssjef eventuelt i samarbeid med andre aktuelle aktørar. | Fire års erfaring med ansvar for rustenesta plassert i NAV-kontoret viser at det trengs auka kommunal stillingsressurs for å ivareta denne tenesta. |
| 8.2 | Gjere ei oppfylging til den enkle kartlegginga som vart utført for å kartlegge stoda i kommunen i samband med Rusmiddelpolitisk handlingsplan. | Kartlegge systematisk russituasjonen i kommunen gjerne med hjelp av fagkompetanse som til dømes Stiftelsen Bergensklinikkene. | Ruskonsulent i samarbeid med Folkehelsekoordinator. Samarbeid med andre kommunar i HAFS? | |
| 8.3 | Delta på Fagdagar/Rusfagleg forum (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane). | Auke kompetansen for alle som arbeider innan rusfeltet. | Alle som arbeider innan rusfeltet i kommunen. | |

Mål: Avdekke rusmisbruk på eit tidleg stadium og gje den rusmiddelavhengige og pårørende eit heilskapleg tilbod.

| Nr | Tiltak | Føremål | Ansvarleg | Merknad |
|-----|---|--|---|--|
| 8.4 | Oppmode om å ha AKAN kontaktar på arbeidsplassar der dette kan vere aktuelt | Arbeide med haldingsskapande arbeid og avhengigheitsproblematikk | Ruskonsulent i samarbeid med arbeidsplassar i kommunen. | AKAN er Arbeidslivets kompetansesenter for rus- og avhengigheits-problematikk. www.akan.no |
| 8.5 | Bruke/informere om Rusettervernet i Sogn og Fjordane i ulike fora. <ul style="list-style-type: none"> • Etterverngruppe • Pårørandegruppe | Gje rusmisbrukarar og pårørende mogeleg heit til å snakke med andre i same situasjon. | Ruskonsulent i samarbeid med Rusettervernet. Brosjyrar ved NAV, politiet, psykisk helse og legekantoret. | Frivillig arbeid med rus. www.rusettervernet.no |
| 8.6 | Tverrfagleg samarbeid med ulike tenestene i kommunen. Samt samordne innsats og tenester innan rusmiddelarbeidet i kommunen. | Sikre eit godt støtteapparat rundt personar og familiar med rusproblem. Sikre behandling og oppfølging av den rusmiddelavhengige. | Alle som arbeider innan rusfeltet. | (Lege, heimetenesta, helsesystemtenesta, psykisk helseteneste, NAV, politi, barnevernet og andre.) |
| 8.7 | Skulehelsetenesta | Bevisstgjerjing av foreldre som rollefigur for borna. Foreldrerettleiing og helseopplysning. | Helsesystemteneste | Viser til Overordna plan for Helsestasjons- og Skulehelsetenesta 2012-2020, vedlegg 1 Solund helsestasjon |
| 8.9 | Jordmorteneste | Bevisstgjerjing av den gravide. Informasjon om farane ved å bruke rusmiddel under graviditet. | Jordmor i Florø, avtale med Solund kommune. | |

Mål: Førebyggande arbeid med fokus på born og ungdom. Ha eit særleg fokus på vaksenroller og trekke dei vaksne aktivt med i det førebyggande arbeidet.

| Nr | Tiltak | Føremål | Ansvarleg | Merknad |
|------|--|---|--|---|
| 8.10 | Skulemiljø som tema på foreldremøter. | Råd til foreldre. Samarbeid med foreldre og faginstansar om haldningsskapande arbeid. | Skule og FAU. | Eventuelt bruk tilgjengelege program. |
| 8.11 | Undervisning med aktuelle tema: rus, psykisk helse og folkehelse i skulen. | Lære om helse, rusmiddel og skadeverknader. Bevisstgjere eigne haldningar. | Skule | Gjerne i samarbeid med Ruskonsulent, Helsesystemtenesta og Folkehelsekoordinator. Eventuelt bruk eit rusførebyggande program. |
| 8.12 | Helse, miljø og livsstil hjå born og unge – Samhandlingsbarometert. | Kartlegging av lokal oppvekstsituasjon. | Helsesystemtenesta, Folkehelsekoordinator og skule. | www.samhandlingsbarometeret.no |
| 8.13 | Helsestasjon for ungdom (HFU) | Lågterskeltilbod til ungdom 13-20 år. | Helsesystemtenesta | Ein stad der ungdom kan få informasjon om det dei lurar på. |
| 8.14 | Skapa eit allsidig tilbod med positiv aktivitet for ungdom. Innspel for nye aktivitetar. | Fremje gode oppvekstvilkår og trivsel. Gjere det attraktivt å kom heim i helgane for ungdom som bur på hybel. | Solund Frivilligsentral og Ungdomsrådet. | |
| 8.15 | Samarbeid om felles haldningar og å skapa positiv aktivitet i ulike lag og organisasjonar. | Bevisstgjere eigne haldningar. | Solund Frivilligsentral og Ungdomsrådet i lag med dei ulike lag og organisasjonar. | Tilbod om jamlege leiar kurs til ungdomslag, idrettslag, korps og liknande. |
| 8.16 | Arbeide for å få laga ein plan for samarbeid med politiet. | Gjere politiet meir synleg i lokalsamfunnet. | Solund Lensmannskontor i samarbeid med aktuelle aktørar. | Ynskjeleg om administrasjonssjef tek initiativ til dette tiltaket. Jamfør punkt 3.9 i Kommuneplan for Solund, Samfunnsdelen. |

Mål: Ha ei ansvarleg sals- og skjenkepolitikk og etablere rusfrie soner.

| Nr | Tiltak | Føremål | Ansvarleg | Merknad |
|------|---|---|---|---|
| 8.17 | Standard søknadsskjema for sals- og skjenkeløyve samt ein internetbasert teneste. | Kommunen sin kontroll og løyvepolitikk er avgjerande for å minke totalforbruket og redusere skadane av alkohol. | Servicekontoret v/ Solund kommune. | |
| 8.18 | Vurdere samarbeid med nabokommunane om felles kontroll system av sals- og skjenkeløyve. | Styrkje kvaliteten på kontroll av sals- og skjenkeløyve i samsvar med regjeringa si oppmoding i Opptrappingsplanen. | Administrasjonssjef i samarbeid med Helse- og omsorgsleiar. | |
| 8.19 | Gjennomføre promillekontroll ved offentlege arrangement/festar. | Gjere politiet meir synleg. | Solund Lensmannkontor ved Gulen, Masfj., Solund lensmanddistrikt. | |
| 8.20 | Konsert for ungdom. | Etablere rusfrie soner i kommunen. | Ungdomsrådet/ Solund Frivilligsentral/Fau/. | |
| 8.21 | Open idrettshall | Etablere rusfrie soner i kommunen. | Idrettslag/ungdomsrådet/ Solund Frivilligsentral | Lage rutinar for korleis «Open idrettshall» skal fungere. |

Mål: Vidareutvikle og halde ved like gode etablerte tiltak.

| Nr | Tiltak | Føremål | Ansvarleg | Merknad |
|------|---|---|--|---|
| 8.22 | Klubbtilbod i Grendahuset i Ytre Solund og ved Loftskroken ved Grendahuset på Hardbakke. | Ungdomskubb for alle. Viktig at ansvarleg vaksne er tilgjengelege. | Ungdomslaga. | Det er viktig med ein ungdomskontakt som er ansvarleg vaksen. |
| 8.23 | Markering av «Verdensdagen for Psykisk helse» | Skape openheit om psykisk helse. | Psykisk helse og Solund Frivilligsentral | Årlege kampanje. |
| 8.24 | Lågterskeltilbod/ tenester og aktivitetar (som til dømes «Aktiv på dagtid», treningskontaktar og andre) | Bidra til bedre livskvalitet og helse. | Helse- og omsorgstenesta i samarbeid med Folkehelsekoordinator, Solund Frivilligsentral og frivillige lag. | |
| 8.25 | Transportmidlar for ungdom. | Fremje gode og trygge oppvekstvilkår og trivsel. Tilbod til born og unge slik at dei kjem seg trygt heim frå arrangement. | Ungdomsrådet og Skulefagansvarleg i kommunen. | |
| 8.26 | Positiv russefeiring. | Styrke trivsel og fellesskap. | FAU | |
| 8.27 | Skitur til Voss for ungdomskulen | Styrke trivsel og fellesskap. | FAU | |

9. Nyttige kjelder og hjelpemiddel

- Helsedirektoratet: IS-1362 2006: Rettleiar for kommunal rusmiddelpolitisk handlingsplan
- Helsedirektoratet: IS-1948 2012: Nasjonal faglig retningslinjer for utredning, behandling og oppfølging av personer med samtidig rus- og psykisk lidelse (ROP retningslinjer).
- Helse- og omsorgsdepartementet: Opptrappingsplan for rusfeltet 2007-2012
- Melding til Stortinget: «Samhandlingsreforma» (Meld.St 47 2008-2009)
- Melding til Stortinget: «Se meg!» (Meld.St.30, 2011-2012)
- Melding til Stortinget: «Folkehelsemeldingen» (Meld.St.34 2012-2013)
- Melding til Stortinget: «Nasjonal helse- og omsorgsplan» (Meld.St. 16 2011-2015)
- Rundskriv IS-5/2008 Håndbok i alkoholloven m.v.
- SIRUS: Rusmidler i Norge 2012 (ISBN 978-82-7171-388-1)
- SIRUS: Ungdom og rusmidler. Rapport nr.5-2009. (ISBN 978-82-7171-322-5)
- SIRUS: Tobakk- og rusmiddelbruk blant unge voksne i Norge. Forfatter: Anne Line Bretteville-Jensen, utgitt 2011.

- «Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.» (Alkohollova)
- «Forskrift av 8. juni 2005 nr. 538 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.»
- «Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.» (Helse- og omsorgstjenestelova)
- «Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern.» (Psykisk helsevernlova)
- «Lov om barneverntjenester.» (Barnevernlova)
- «Lov om folkehelsearbeid.» (Folkehelselova)
- «Lov om pasient- og brukerrettigheter.» (Pasient og brukar-rettighetslova)
- «Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen.» (Lov om sosiale tjenester i NAV)

- Folkehelseplan for Solund kommune 2013-2017
- Psykiatriplan for Solund kommune 2013-2020
- Overordna plan for Helsestasjons- og skulehelsetenesta i Solund kommune 2012-2020
- Solund kommuneplan 2008-2020 – Samfunnsdel

Aktuelle nettsider (pr. september 2013):

www.lovdata.no

www.helsedirektoratet.no

www.regjeringen.no

www.fhi.no (folkehelseinstituttet)

www.sirus.no

www.forebygging.no

www.korusbergen.no .